



Miljøpartiet dei grøne Suldal

Grøn politikk er basert på rettferd og likskap for alle menneske, både oss som lever i dag og for framtidige generasjonar. Målet er eit økologisk og sosialt berekraftig samfunn, slik at vi ikkje overlet urimelege utfordringar og kostnader til etterkomarane våre. Eit slikt samfunn vil krevje både nye tankar om økonomisk framgang og ny teknologi.

MDG ønskjer ein diskusjon om korleis me i fellesskap kan ta vare på vår felles arv: Natur, kultur og demokrati. I Suldal blei det skipa lokallag i januar 2015. Partiet stiller til val i Suldal første gongen ved kommunevalet hausten 2015.

Dei største utfordringane me står framom i vår tid har global karakter - og dei er samansette. Miljøspørsmål, naturvernspørsmål og spørsmål om korleis me skal forvalte ressursane våre på beste måte må setjast høgt på agendaen.

Kvifor Dei Grøne i Suldal?

Vårt mål er eit medmenneskeleg og inkluderande samfunn i økologisk balanse - eit samfunn med sosial, økologisk og økonomisk berekraft. For å bygge eit slikt samfunn treng me livskraftige lokalsamfunn, nytenking og gi miljøverdiane ei stemme i Suldal.

Vi vil ha eit samfunn der folk har meir tid til kvarandre heller enn å jage etter større forbruk.



MDG Suldal vil arbeide for:

- Naturen har både eigenverdi og verdi for oss menneske. Vi vil ta vare på naturmangfaldet.
- Vi vil ha ei restriktiv haldning til utslipp til luft, vatn og jord.
- Suldal bør bli ein føregangskommune i satsinga på energiøkonomisering og fornybar energi.
- Det må utarbeidast ein aksjonsplan for matproduksjon basert på lokale ressursar.
- Målet for næringsutviklinga må vera ei omlegging til miljøvennleg produksjon.

For mer info om valprogram 2015-2019: <http://suldal.mdg.no> eller ta kontakt med MDG Suldal (suldal@mdg.no).

Valliste kommunevalet hausten 2015:

| | | | |
|----|---------------------|------|------------|
| 1 | Bernd Elmies | 1964 | Sand |
| 2 | Martin Nygård Haug | 1991 | Jelsa |
| 3 | Jens Marcussen | 1981 | Suldal |
| 4 | Elisa Elmies | 1991 | Sand |
| 5 | Martijn Bellemakers | 1960 | Sand |
| 6 | Anneke Knol | 1968 | Sandsbygda |
| 7 | Roy Høibo | 1948 | Eide |
| 8 | Marie Anda | 1955 | Jelsa |
| 9 | Rrahim Sherifi | 1968 | Sand |
| 10 | Helena Moe Høines | 1980 | Sand |

